

## Høyring til "Nye tider – nye takter?" – en gjennomgang av Rikskonsertene

Vi viser til høyringsbrev fra KKD av 14. september 2009. Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen er eit førebels namn på samanslutninga av organisasjonane Norsk Folkemusikk- og Danselag og Landslaget for Spelemenn.

Folkemusikk og folkedansorganisasjonen meiner det er viktig med denne gjennomgangen av Rikskonsertane og vi håpar departementet vil nytte rapporten og høyringssvara til å gjere dei grepene som trengst for eit aktivt musikk-Norge i heile landet.

### Innleiingsvis nokre kommentarar til rapporten

Mandatet for rapporten. I mandatet for gjennomgangen bes Difi m.a. å sjå på "Utviklingspotensial (...) herunder også en vurdering av om oppgaver kan løses bedre av andre." Vi synest rapporten i liten grad gjev ei vurdering av kva for oppgåver som kan løysast av andre. Vi håpar departementet sjølv kan gå nærmare inn i denne problemstillinga.

Gjennom Samstemi har Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen vore ein pådrivar for å etablere regionale kompetansesenter for rytmisk musikk. *Rytmisk Nord* (Finnmark, Troms, Nordland) og *VRAK* – *Vestlandske rytmiske aktørar* er to av sentra som er oppe og går og som burde bli vurdert som naturlege samarbeidspartnarar innanfor rytmisk sjanger. Det same med turnénettverket *den norske folkemusikkscena*, som Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen driv. Om lag 15 lokale scener presenterer jamnleg folkemusikkonsertar. Ordningsa er finansiert gjennom arrangørstøtta i Norsk Kulturråd. Dette er berre eit par døme på aktuelle aktørar. Rapporten gjev i liten grad klare vurderingar av retninga vidare for Rikskonsertane og kva for oppgåver som kan løysast av andre.

Datagrunnlaget. Vi meiner som Difi at det er ein god idé å sjå på tidlegare rapportar og gjennomgangar av Rikskonsertane som grunnlag for rapporten og å fokusere på nokre kvalitative undersøkingar. Vi synest likevel datagrunnlaget er i minste laget for å kunne gjere ei vurdering av Rikskonsertane si verksemeld i dag. Det burde vore fleire intervju med eksterne aktørar; det er intervjuata like mange eksterne aktørar som internt i administrasjonen. Svarprosenten på dei skriftlege spørsmåla synest vi óg er lav og gjer lite grunnlag for å konkludere, særleg då det i utgangspunktet var få som var med i undersøkinga.

Produsentar på áremål. Det er vel svært avgrensa moglegheiter for å nytte áremålsstillingar. Vi forstår ønske om meir fleksibilitet, men det bør i så fall gjerast gjennom å engasjere kunstnarlege produsentar på line med musikkarar for enkeltproduksjonar.

### Kommentarar og innspel

Funn frå gjennomgangen og tabellane med konsertfrekvens fordelt på sjanger viser at tradisjonsmusikken ligg lavast i tal for alle konserttypar (sjå tabell side 17 i rapporten):

2008:

Skulekonsertar – 625 (av ein total på 8671 er det 7,2%)  
Barnehagekonsertar – 44 (av ein total på 645 er det 6,8%)  
Offentlege konsertar – 18 (av ein total på 334 er det 5,4%)

Totalt for alle konsertar arrangerte Rikskonsertane 687 folkemusikk-konsertar i 2008. Av ein total på 9650 konsertar, er det 7,1 %. I 2007 var tilsvarende tal 984 av totalt 1014 konsertar, 9,7 %, altså en nedgang på 2,5%.

I lanseringsprogrammet INTRO-folk ser vi same tendens; folkemusikken ligg etter i talet utøvarar som deltek i programmet. I INTRO-folk er det berre 8 utøvarar involvert mot ein total på 61 for alle program til saman (23 klassisk, 21 jazz, 12 pop/rock). INTRO-folk er norsk folkemusikk, inkludert samisk tradisjon. Verdsmusikk og tradisjonsmusikk frå andre land utøvd av musikarar busett i Noreg, har ikkje eige INTRO-program og er ikkje inkludert i andre program.

I ei tid med sterk vekst i talet profesjonelle musikarar innanfor folkemusikk-sjangeren og fleire solistar og grupper som har musikk som leveveg, synest Folkemusikk og folkedansorganisasjonen det er merkeleg at talet folkemusikk-konsertar i Rikskonsertane sin regi går ned og at vi ligg så langt bak i talet konsertar. Det kan vere at fylkeskommunane og den kulturelle skulesekken presenterer fleire folkemusikk-konsertar i skular og barnehagar. Utan at vi finn data på det i rapporten er det naturleg, då det truleg er mange av desse produksjonane som spring ut av lokale samarbeid og prosjekt. For dei offentlege konsertane derimot, er ikkje dette ein reell situasjon.

Om Rikskonsertane skal ha ei rolle som konsertprodusent og turnéleggjar må det slik Difi skriv i rapporten leggjast klarare føringer for dei offentlege konsertane.

- Rikskonsertane må ha ein klarare strategi for kva type konsertar dei skal presentere og kva for rolle dei skal ha som produsent av offentlege konsertar. Kven skal presentere konsertar med norsk folkemusikk? Kva skal rolla til Rikskonsertane vere?
- Rikskonsertane sin produksjon av offentlege konsertar må sjåast i lys av lokale og regionale aktørar. Om mogleg bør enkelte oppgåver flyttast ut, ikkje berre til fylkeskommunane, men til dei andre aktørane som etablerer seg i regionane.
- Vi meiner det er ein god idé med kombinasjon av skole- og offentlige konserter. Det må medføre reelle kombinasjonsturnear og ikkje at det kjem ein kveldskonsert oppå ein allereie full dag med skulekonsertar.
- Utlandsverksemda bør fungere meir i tråd med Rikskonsertane si generelle verksemd. Dette framstår i dag lausrive få resten av aktiviteten.

Vi håpar Kulturdepartementet nyttar rapporten og innspeila som kjem fram i høyringa til å gjere dei naudsynne tiltak for å stø opp om hovudmålsettingane for Rikskonsertane **å gjere musikk av høg kunstnarleg kvalitet tilgjengeleg for flest mogleg og fremme kunstnarleg utvikling og fornying!**

Med venleg helsing  
**Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen**

Lene Furuli /s/  
konstituert daglig leder